

AM
UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG -

1988-5-ÅRG.



Jølster Mållag

Styret 1987

Jon Gåsemyr, formann
Laila Hov Sandnes, Olav Veiteberg,
Kåre Lien og Jarle Helgheim

Adresse til mållaget for dei som vil bli medlem:

Jølster Mållag
Olav Veiteberg
6853 Årdal i Jølster

Postgiro 3 06 13 63

Med lemskontingent for 1989 er kr 130

Pensjonistar har halvpris, det same gjeld for ektefelle til medlem.

Årspengane

landsmøtet i Noregs Mållag hadde oppe spørsmålet om kva satsar som skulle setjast for medlemskap i mållaga. Dei har komme med følgjande tilråding:

Innhald:

	Side
Jølster Mållag	3
Gustav Indrebø	4
Den siste jula i Blålia	8
Takt og tone i det gamle Jølst	9
Familiekryssord	11
Målreisingsoga i Sogn og Fjordane	11
Dikt av Ola Vindheim	12 og 22
Ambassadøren frå Jølster	13
Lenstmenn i Jølster 1590-1988	16
På tur til Færøyane med Skei skulemusikk	19
Svartemyra	23

	1989	1990
Heile medlemmer	90	110
Familiemedlemmer	45	55
NMU-medlemmer	9	11
Direkte medlemmer	180	220
Utanlandstillegg	40	45
Tilrådd lokallagsats	30	35
Tilrådd fylkessats	10	15
Etter dette blir normalsatsen for heile medlemmer	130	60

Bokdag på Vassenden

Jølster Mållag arrangerte i år bokdag på Vassenden. Mållaget fekk i år vitjing av Marie Lovise Widnes. Ho er kjend som ein god, engasjerande og mykje brukt kåsør i nabofylket i nord, så vi stilte forventningsfulle til kva vi skulle få høyre. Ho heldt eit godt og vekkjande kåseri om kamp for og haldningar til nynorsken og dialektane. Det gav kveik til vidare arbeid for nynorsken.

Før og etter Marie Lovise Widnes fekk vi fin klassisk musikk av Vestawind, ei gruppe med musikantar frå Førde og Jølster. Gruppa spelte svært godt. Det var presist spel, fin balanse mellom instrumenta, og akustikken i Festsalen på Heimyrkeskulen gjorde det til ei fin oppleving å høyre gruppa spele.

Så var det kaffi og kaker å få. Mållaget nytta høve til å selje lodd, og dei gjekk fort unna. Vinstar var bøker som Huus Bokhandel gav oss. Bjarne Huus stilte på bokdagen med eit stort og rikhaldig utval av nynorske bøker. Dei frammøtte nytta høvet til å gjere seg kjend med desse og til å kjøpe nokre bøker. Om Huus fekk valuta for strevet veit eg ikkje, men han sa han stilte så gjere på slike tilstellingar.

Etter matykta fekk vi sketsj av Vassenden 4-H. Eit godt og populært innslag, særleg ei jente gjorde god innsats. Så fekk vi eit nytt innslag av Marie Lovise Widnes. Ho starta med visa «Gangdøra», ei vise ein ofte høyre i ønskekonserten før i tida. Ho las opp dikt og song fleire viser med godt innhald, noko ein ofte saknar i nyare ting.

Gledeleg for mållaget var det at så mange hadde funne vegen til tilstellinga vår. Det var andre tilstellingar som konkurrerte om publikum med oss, så vi var ikkje så lite spente på korleis frammøtet ville bli. Det var difor gildt å sjå trufaste medlemmer og andre hadde sett av tid til å møte fram. Eg vil og nytte høve til å takke for god hjelp av trunge medlemmer under arrangementet.

J.G

Takk for hjelp og innsats.

Styret i Jølster Mållag vil nytte høve til å takke alle som har hjulpet til med å skrive for bladet. Utan slik velvilleg hjelp hadde det vorte vanskeleg å få til dette bladet.

Og ei takk til 9.klasse på Skei skule for teikningar til bladet.

Gustav Indrebø og norsk målreising

Av Daniel Dvergsdal

I 1989 er det hundre år sidan professor Gustav Indrebø vart fødd. Det er eit lagleg høve til å minnst litt av det han fekk gjort og det han stod for i norsk målreising.

Ætt og livslagnad

Foreldra var lærar og klokkar Ludvig Indrebø frå Angedalen og Severine Frøysland frå Haukedalen. Sønene Gustav og Ragnvald kom til i Samnanger, men alt i 1892 flytte huslyden heim til Sunnfjord og vart buande der i tie år, fyrst sju år i Årdalen i Jølst og deretter tre år på Sande. Det er soleis med full rett at professoren seinare kunne skjemte med at han var både sunnfjording og stril. Vi kan leggje til at han òg var austlending, for i 1902 flytte Indrebø-folket til Maridalen i Aker, granneheradet til Kristiania. I 1909 flytte dei til Grefsen og seinare til Tåsen, der Ludvig Indrebø vart overlærar.

Gustav Indrebø vart konfirmert i 1903. Broren, ingeniør Ludvik Indrebø, fortel at dei to fyrste åra etterpå var han gardsgut heime hjå faren på klokkargarden i Maridalen. Men ein overlækjar ved Ullevål sjukehus, som var til stades på eksamen i folkeskulen, la merke til den evnerike guten. Han baud seg til å lese med Gustav, språk og andre skulefag. Til avtalte tider gjekk han til Ullevål for å få denne undervisninga, det er over ei mil kvar veg. I 1906 tok han mellomskule-eksamen på Hauges Minde, og to år seinare studenteksamen som privatist. Han fekk M i alle fag so nær som i latin. Der fekk han S. I åra etterpå tok Gustav Indrebø lærareksamen og var lærar ymse stader, mellom anna på Rena mellomskule der han møtte Astrid som vart kona hans. Sidan var han tilsett ved Volda lærarskule og Notodden lærarskule. Samstundes studerte han filologi og fullførde embetseksamen med «innstilling» i 1917. Hovudoppgåva, om det gamalnorske sogeverket FAGRSKINNA, ville høvt betre til doktoravhandling, sa professor Magnus Olsen i si minnetale, 1944.

Gustav Indrebø vart universitetsstipendiat og deretter dosent i norrøn målvitenskap til han i 1930 vart utnemnd til professor i vestnorsk målføregranskning ved Bergens Museum. Han tok doktorgraden i 1925 med ei utgreiing om **Norske innsjønamn I - Upplands fylke**. Frå 1921 og utetter gav han ut ei heil rad vitkapsverk, om stadnamn, norsk historie og norske målføre. Med eit framifrå minne, planfast arbeid og uslitande trott fekk Gustav Indrebø utruleg mykje frå hand. «Han hadde ei bok i handa støtt», fortel Gudrun Håttun,



Student Gustav Indrebø.

syster hans. Siste boka, **Norsk Målsoga**, rekna han for sjølv livsverket. Ho var førd fram til Ivar Aasen då Gustav Indrebø og huslyden kom på ferie i Årdaldalen sumaren 1942. Her vart han sjuk og døydde nokre få dagar seinare, berre 52 år gamal.

Målreisaren

I 1920- og 1930-åra stod Gustav Indrebø i fremste rekkja i den norske målreisinga. Her la han ned eit storarbeid med å tale på møte og skrive avisartiklar, tilrådingar, brev og føredrag. Frå 1923 til 1929 var han formann i Det Norske Samlaget, og frå 1929 til 1942 formann og styremedlem i Noregs Mållag. Her var han ein usvikeleg talsmann for Ivar Aasens målsyn.

Det kan likevel vere nyttig å komme i hug at det frå fyrst av slett ikkje var sjølv sagt at Gustav Indrebø skulle verte aktiv målreisar. Si fyrste systematiske opplæring i nynorsk fekk han truleg av Olav Midtun på Oslo lærarskule 1909-1910, og fyrst i 1915, då han var 26 år gamal, gjekk han over til å nytte nynorsk både i skrift og tale. I eit dagbokbrev til fru Astrid Indrebø, datert Berlin 7.2.1920, er Indrebø inne på nokre av dei vurderingane som låg bak denne avgjerda. Han hadde vore på biblioteket og på slump slege etter i kartoteket over ordbøker. Der var ei avdeling for svensk og ei for dansk men ingen ting for norsk. Falk og Torp: **Norsk-dansk etymologisk ordbok** stod under dansk.

Og so held Indrebø fram: «Utlendingar som kan sjå upartisk, let seg ikkje narra med umsyn til upphavet til «riksmålet». Men vondt er det. Eg fær stundom tvil um det er rett å vera med på den køyvingi som den nynorske reisingi kallar fram i det norske folket. Når eg ser slikt, kjenner eg at eg kann sjå kvar mann i augo når eg etter evne arbeider for norsk mål, endå um mål-

reisingi valdar kløyving for ei tid». (Indrebø-register).

Dette nasjonale grunndraget kjem Indrebø ofte inn på seinare i livet, soleis i fyrste førelesinga på Bergens Museum 1930, der han òg held fram kallstanken: «Eg vil segja, det er ikkje berre ein skyldnad. Det er ei nådegåva som yrkjesmennene i norsk målvitskap i dag hev fenge framfor vitskapen i mange land, å kunna få vera verksame medarbeidarar i ei historisk tid for nasjonen». (Indrebø-artiklar).

Samstundes hadde Indrebø ein djup, ekte samhug med det jamne folket. Det galdt å få eit mål som gjorde all opplæring lettare for bonden, fiskaren og arbeidaren, slik at dei kunne verte tryggare på seg sjølve og gjere seg gjeldande i vårt demokratiske samfunn. Med rot i desse grunntankane skal vi sjå litt nøgnare på det som Indrebø gjorde. Eg tenkjer serleg på arbeidet hans med stadnamn, lov om målbruk i stats-tenesta og motstand mot rettskrivingsbrigdet i 1938.

Stadnamngranskaren

I 1921 vart Gustav Indrebø tilsett som leiar for det nyskipa Norsk Stadnamnarkiv, og frå 1923 var han statens konsulent for nynorsk i namnespørsmål. I stadnamngransking brøytt han nye vegar. Avhandlinga **Stadnamn i ei fjellbygd** (1921) om namn i Haukedalen, vart mønster for ei mengd liknande granskingar, fyrst og fremst hovudoppgåver. Han laga òg rettleiingshefte for innsamling av stadnamn.

Noko av det fyrste han måtte gjere som stadnamnkonsulent var å få fastsett reglar for skrivemåten av namn på kart og i eigedomslistar. Den gamle måten var rein dansk — Vedeberg, Fond, Vigen, for å ta nokre gardsnamn frå Jølst. Men kva ein skulle setje i staden var lenge eit ope spørsmål, fordi vi no hadde fått to offisielle skriftmål i landet. I artikkelen **Kartverk og stadnamn** (1932) fortel Indrebø at riksmålsautoritetar gjekk inn for at ein skulle fylgje dialekten so langt ein kunne med vanleg alfabet. «Altso ein strengt fonetisk skrivemåte: t.d. voll, vøll, vodl, vødl, vaull, vøyll, nett som det lyder på folkemunn rundt um. Og ved bøygingsformer, holmane, holmadne, holmadn, holma, hølmane etc. etc.»

Indrebø hevda at normalisering måtte til både av omsyn til offentleg administrasjon og privatfolk som ynskjer å sjå best mogleg kva eit namn tyder. Til døme tek Indrebø fram eit namn frå Gudbrandsdalen som der vert uttala «Haunnsjøen». Gudbrandsdøler veit at det tyder «Hornsjøen», for dei segjer **haunn** for **horn**. Men ein som kjem utanfrå, er ukjend med dette. For han er den normaliserte skrivemåten «hornsjøen» ei hjelp til å forstå kva namnet tyder. Indrebø presiserer at slik etymologiserande skrivemåte gjeld lettskjønelege, «ordinære» namn, av ålkjende ord, med si fulle og tydelege tyding. «Ved individuelle namn med uklår og burtgøymd tyding, og ved ukjende eller sjeldsynte namn, der lyt ein vera varsamare med å bruka vanleg rettskriving..... Di mindre tydeleg tydingi kling med,

di meir einsidugt kann ein skriva berre etter ljoden».

I 1929 kom det ein kongeleg resolusjon som fastsette retningslinjer for skriffesting av stadnamn på kart. Hovudprinsippet var at namna skal skrivast slik som dei vert uttala på staden, og normaliserast etter nynorske skrivereglar, i den mon det trengst. Grunngevinga var at nynorsk er ein samnemnar for alle norske dialektar. For byar og strøk som ligg tett inn til byar, galdt visse unntak. Indrebø hadde hatt mykje å gjere med utforminga av denne resolusjonen som vart revidert i 1933 og i 1957, stort sett med same innhald. Riksmålsfolk har lenge kome med kritikk og i 1983 vart det lagt fram eit framlegg til ny lov om stadnamn, der bokmål kjem inn ved sida av nynorsk. (NOU 1983-6). Den nye lova er enno ikkje vedteken (1988).

Målbruk i statstenesta

Striden om det sokalla jamstellingsvedtaket frå 1885 var lang og seig. Ikkje før i 1910 var det ålment godkjent at ein kunne skrive til ein statsinstitusjon på nynorsk. I 1930 fekk vi **Lov om målbruk i statstenesta**. Der vart det sagt at tenestemenn som var fødte etter 1. januar 1905, skulle kunne skrive på nynorsk, og der kom føresegnar om blankettar og kunngjeringar som skulle vere på baa mål.

Lova var bra ho. No galdt det å sjå til at ho ikkje vart broten. Gustav Indrebø var budd til å gjere sitt. To tenestemenn i Bergen, telegrafinspektør Schrøder Nielsen og skattefut Svenke var uviljuge til å rette seg etter lova. Indrebø tok det opp i ei tale på årsmøtet til Vestlandske Mållag 1933, og med namns nemning kalla han framgangsmåten «ei skam for standet». Resultatet vart injuriersøksmål. Rettsaka kom eit år etter. Der la Indrebø fram ein dokumentbunke som vog seks kilo, og heldt eit to dagars forsvarsinnlegg der han tok føre seg alle slags brot på mållova både i stat og kommune. Innlegget vart tie dagar seinare prenta som bok (Indrebø-register). Like fullt vart Indrebø dømd til ei pengebot, subsidiært tie dagars fengsel. Indrebø ville gjerne gå i fengsel for slik ei sak, men det fekk han ikkje lov til. Takka vere gode opprit i mange blad, fekk store folkegrupper kunnskap om mållova, og dei som heldt på nynorsk vart meir samansveisa. På eit møte i Jølst vedtok ei forsamling på kring 60 menneske å ta opp att skuldingane som Indrebø hadde kome med. Vedtaket vart kunngjort i **Gula Tidend** (Venås). Det er sagt at Indrebøsaaka førde til større respekt for mållova.

Indrebø og rettskrivingsreformene

Kring 1920 hadde vi tre hovudfløyar i målpolitikken:

1. Riksmålsfolket med Riksmålsforbundet ville halde på det gamle danskfarga skriftmålet. Det gav sosialt overtak og hadde litterær tradisjon.

2. Nynorskfolket med Noregs Mållag forma i 1921 slagordet «Norsk mål einaste riksmål i landet». Det var dei som tala om at 1950 kunne vere eit høveleg årstal.

3. Dei som arbeidde for ei tilnærming og seinare samansmelting av dei to skriftmåla på grunnlag av austlandske dialektar. Hovudmannen her var professor Didrik Arup Seip. Han laga slagordet «Målstriden avgjort av denne generation».

I 1917 hadde landet fått eit rettskrivingsbrigde der tilnærmingstanken kom fram ved at den etterhengende artikkelen *a* i hokjønn (*sola, jorda*) kom inn i baae måla, i bokmål som valfri form i ein del ord, i nynorsk jamstelt med Aasens *i*-form (*solli, jordi*).

Valfrie former fekk motsegn frå lærarhald, og lærebokutgjevarane på bokmålssida gjekk snøgt attende til den gamle rettskrivinga, med moderate former. Men tilnærmingstanken levde vidare. Hovudmannen no var Halvdan Koht, professor, målmann og arbeidarpartimann. Kongstanken hans var at arbeidarane med sine bymål og bøndene med sine bygdemål skulle gå saman i eit sams skriftmål. Det ville verte ei mektig kulturell, sosial og politisk reising. Etter framlegg frå Koht kom «arbeid for eit norsk skriftspråk på norsk folkemåls grunn» med i programmet for Arbeidarpartiet ved valet 1933.

I 1934 utnemnde venstregeringa Mowinckel ei ny rettskrivingsnemnd. Mandatet var å arbeide for ei tilnærming mellom dei to skriftmåla og samstundes avgrense den store mengda av dobbeltformer. Resultatet vart rettskrivingsbrigdet i 1938. Riksmålsforbundet kalla det «en sprogforandring» og Gustav Indrebø nytta nemninga «målbrigde».

Indrebø var ikkje med i ordskiftet om 1917--rettskrivinga, men då det vart tale om ny revisjon utetter i 1920-åra, gjekk han imot. Han var levande redd for at dei valfrie formene i nynorsk skulle føre til at nynorskmotstandarane sette fram rettkomne skuldningar om rot og skort på fylgjestreng stavemåte. Det verste av alt ville vere at målmennene vart kløyvde i ein austlandsflokk og ein vestlandsflokk, spill av krefter til inga nytte. Indrebø mana til samling om Aasens i-mål og praktisk målarbeid.

Indrebø ville ikkje at nynorskfolka skulla vere med på å brigde det norsk-danske skriftmålet. Det fekk sigle sin eigen sjø. Noko anna ville skape uturvande åtfinning og motmæle.

Desse tankane vart utdjupa då Indrebø kom i leiinga for Noregs Mållag i 1929. Saman med styret laga han ei grundig og kritisk fråsegn om det fyrste utkastet frå Rettskrivingsnemnda 1934, og elles la han fram sitt syn i ei rad skrifter og føredrag. Indrebø hadde ikkje tru på Kohts tankar om målreising som samlande idé for ei klassereising av arbeidarar, bønder og fiskarar. I artikkelrekkja *Ide-grunnlaget for målreisingi* (Gula Tidend 1934) presiserer han fyrst at hovudideen bak målstrevet er den nasjonale reising- og sjølvstende-



Professor Gustav Indrebø.

tanken. «Difor er løysingsordet eller grunntanken i målreisingi ikkje klassereising. Eller nøgnare: Ikkje berre klassereising, men folkereising. Det er heile folket me vil ha reist att til ein sermerkt, sjølvstendig individualitet i målvegen.... Det fører ikkje fram hjå underklassene dei kallar heller, ikkje ein gong hjå arbeidarklassa, å tala berre um klassereising».

I den same artikkelrekkja går Indrebø sterkt imot tanken om å støype dei to skriftmåla saman til eitt, slik han kom fram i mandatet for Rettskrivingsnemnda, og han skriv: «Men det er ikkje aller mest um å gjera etter vår tanke å få eitt mål so brennande brått, same kva veg det vert på. Det er um å gjera å få eit norsk mål. So fær me taka oss den tid me treng. Me lyt ha sosialt mod til å segja dette».

Ei grunngeving for dette synet la Indrebø fram i eit føredrag i Studentmållaget i Oslo 10. februar 1938, prenta i *Norsk Aarbok 1939* med overskrifta **Kring målkrisa**. Her seier han at dei mest konsekvente norskdomsfolk «vil føra ein brandraud målpolitikk, og vil at eit fast og sterkt norsk skriftmål skal stå framleides og draga både synsmåten hjå fleirtalet og «det dannede talesprog» i same leid som det hev drege deim til denne dag. So fær det verta framtid si sak å greida den endelege måluppgjerdi».

Ut frå dette kan ein forstå at Indrebø var sterkt imot heile rettskrivingsvedtaket. Han var rett og slett redd for at nynorsken skulle verte oppløyst innanfrå.

I ordskiftet var det mykje tale om det ljodrette eller det ortofone rettskrivingsprinsippet, dvs. at ein skal skrive soleis som ein talar. Indrebø peika på at dersom ein

skulle skrive fullt ut ortofont, måtte kvar halde seg til sitt målføre. Det var mot ein grunnregel i nynorsk, som etter Aasens plan skulle vere ein samnemnar for alle målføre. Ortofon skrivemåte kom berre på tale der alle målføre fylgdest.

I staden heldt Indrebø på det han kalla samanhengslova: At rota i eit ord skal kome tydeleg fram i alle bøygingar. Difor ville han skrive **bøygja** og **bøygjer**, ikkje **bøya** og **bøyer**, av di **g** kjem fram att i **bøygde** og **bøygt**.

Mest kjend er Indrebø vorten for sitt forsvar for i-målet. Det vil seie at vi får endinga **i** i sterke hokjønnsord bunden form eintal (soli, jordi), inkjekjønns bunden form fleirtal (husi, borni), og i adjektiv hokjønns i ord som **opi** dør, **sliti** brok. I det fyrste framlegget frå Rettskrivingsnemnda var i-forma heilt teken bort, med den grunngeving at ho var minst utbreidd i målføra, endå om ein òg rekna med bygder der ein seier **sole** eller **solæ**. Men etter eit sterkt motlegg frå Noregs Mållag, der Indrebø var hovudmannen, kom i-forma med som valfri form til personleg bruk (sideform). Indrebø peika på at i-forma heldt oppe skiljet mellom sterk og linn bøyning av hokjønnsord (jordi, gata). Eit slikt skilje går vidare i dialektane enn det vi i dag kallar i-målsområdet, t.d. på Nord-Vestlandet der vi seier **ei bok - bokja** men **ei kake - kaka**, **ei sag - saja** men **ei floge - floga**. Det er den gamle i-ljoden (gamalnorsk **-in**) som har mykt opp **k** og **g** til **kj** og **j**.

På same måten som Ivar Aasen ville Indrebø at nynorsk skulle vere eit vakkert og prydeleg mål, og han tykte at i-forma, med den høge endingsvokalen, var vakker. Av same grunn ville han halde på den gamle, høge rotvokalen i ord som **vit**, **vita**, **myrk**, **spyrja**, **um**, **upp**. Dette var dessutan mest i samsvar med det gamalnorske vokalsystemet.

Ordval og stil

Når det galdt framandord, var Indrebø purist, på same måten som Ivar Aasen. Han godtek internasjonale ord frå gresk og latin som **historie** og **tempel**, men går mot germanismane. Det gjeld serleg tysk ordlagingsdelar, t.d. ord på **ge-**, **er-**, **an-**, **-else**, **-heit**. I artikkelen **Austlandsmål og Vestlandsmål, Framandord** grunnjev Indrebø dette: «Dei tyske ordi og ordlagi, når dei slepp til, trengjer til sides nasjonale ord og vendingar og set stengje for den rike oppkoma med målande og hendige ordlag or folkemålet. Og dei tyske ordlagingsementi — t.d. endingi **-heit** — et svart ikring seg og tyner ned den evna som norsk mål eig i seg sjølv til ordlagings og nyvokster». Indrebø var sjølv ein ordkunstnar og stilkunstnar. Han kunne ordleggje seg lett og ledig, og målbere seg både for høg og låg, gjerne med ein levande biletbuk. Samstundes hadde han god sans for undertonane i orda. Alt dette gjorde at han vart ein skarpskodd debattant og ein etterspurd talar.

Indrebø og talemålet

Då Indrebø-huslyden kom til Austlandet, heldt dei fram med å tale sunnfjordmål, Gustav lengst, fortel broren Ludvik Indrebø. Men ute mellom kameratane var det maridalsmål. På skulen i Oslo var det tradisjonelt riksmål. «Eg vart utlært til akademikar på norsk-dansk», skreiv Indrebø seinare. Då han var lærar på Volda Lærarskule 1911-12, tala han nynorsk berre i nynorsktimane, elles bokmål. Elevane kalla det «skolemesteriks» i ei vise som dei laga (Venås). Men i 1915, då han var på Notodden Lærarskule, gjekk han heilt over til nynorsk både i skrift og tale.

Den fyrste målmannen som fann fram til eit nynorsk normal-talemål, skal vere Marius Hægstad, og etter han kom det ein heil flokk. På Universitetet i Oslo la Olav Midtun vinn på å odle fram eit slikt talemål, og mange studentar tok etter han. Det Norske Teatret styrkte normal-talemålet (Reidar Djupedal i brev).

I eit ordskifte i 1919 hevda Indrebø med styrke at vi må odle fram eit nynorsk normal-talemål. Dette er eit eldfint tema den dag i dag. Vi har fått slagordet «Tal dialekt, skriv nynorsk». Samstundes er det heile tida stor trong for eit normalisert nynorsk talemål når ein kjem til byen eller får arbeid i skular og høgskular og i offentlege ombod. Vansken er at vi har ikkje noko nynorsk talemålssentrum, slik som bokmålet har det i Oslo. I praksis vert det ei tiljamning av målføret vårt. Indrebø tala sjølv normalnynorsk, i-mål med a-infinitiv, linne hokjønnsord med **-a** i eintal og **-or** i fleirtal (ei sida - sidor) og former som **me** og **hev**. Dei to siste var han fortruleg med gjennom haukedalsmålet til mora, og målet på Sande der han budde i tre barneår.

Sluttord

Takka vere personar som Gustav Indrebø, er nynorsk trygda eit rom jamsides bokmålet; men vi som voks opp i nynorsk-bygder, må stadig arbeide med å ta målet i bruk på alle omkverve. Det fall seg slik at Gustav Indrebø vart fløkt inn i mykjen strid for nynorskens skuld. Det kunne verte harde ordskifte, men det var open og heiderleg strid frå hans side. Han brukte sverdet til hogg men ikkje til stikk, kan vi godt seie. Sjølv strekar han under fleire gonger at det ikkje er hat eller hemnhug som driv han, men kjærleik til norsk mål.

Som menneske var han høvisk og hyggeleg, hjelpsam og skjemtsam. Han kunne mange gode Sunnfjordstubbar, og var ein meister til å fortelje når det høvde.

Skriftlege kjelder:

Indrebø-artiklar, prenta i samlinga **Kva er målreising**, red. Jarle Bondevik og Oddvar Nes.

Indrebø-register ved Inger Indrebø Eidissen.

Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga**

Einar Haugen: **Riksspråk og folkemål**

Kjell Venås: **For Noreg og Ivar Aasen**

Den siste jula i Blålia

Av B.R.M. - 16 år — Teikning Elin Løset, 14 år

Jula og vinteren 1783-84 brende seg inn i Helena. Ho var ei jente på 10 år, og ho gløymde aldri dei opplevingane ho hadde då. Ofte drøymde ho om det som vart den siste jula i Blålia:

«På den glatte skaren strevar ei tynn jente seg oppetter Blålia. Jenta er Helena, og ho har fletta det kastanjebrune håret sitt i to fletter. Dei grøne auga hennar har same fargen som vesten ho går i. Ho har på seg eit grått skjørt som rekk midt ned på anklane hennar, og under vesten har ho ein grå bluse. På føtene har ho grå spøtasokkar, og eit par tresko har ho arva etter storesystera si, Lina. Helena fryr i dei altfor tynne kleda.

I den eine handa har ho ei stor, fletta tegerkorg, og i korga ligg ein lauvkniv. Helena har lånt kniven av Milred, husmora på storgarden Lauvstad. Helena skal fylle korga med einekvistar, og difor er ho på veg mot ei gammal ur, der det veks store, fine einer. Over ura heng Blåberget, ein nesten loddrett bergvegg. Helena snublar ofte på den glatte skaren, men til slutt kjem ho fram til einene.

Det er tradisjon på Lauvstad at kvar av dei fem husmannsplassane som høyrer til garden, skal kome med ei korg full av einekvistar på julaften. På Lauvstad er det mange golv som skal dekkast med einekvistar, og som takk får kvar husmannsplass nokre pølser, ein ost eller noko anna.

Lauvkniven er sløv, så det går seint å fylle korga. Helena tørkar sveitten og ser seg omkring. Ein hare kjem hoppande. Den stoppar og ser på jenta, for så å haste vidare. Helena held fram med å skjere einer. Endeleg er korga fylt til randa med einekvistar.

På heimvegen vert ho overvelda av utsikta. Langt der nede ligg fjorden blå og blank, og ein tirande grøn furuskog dekkjer fjellsidene. Snøen ligg kvit og fin på engene. Nokre få solstrålar finn vegen til dei snøklede fjelltoppane.

Helena gløymmer å sjå seg for, og brått misser ho fotfestet. Korga flyg ut av handa hennar, og hamnar langt nede i ura. Helena grip tak i ein einebusk i fallet, og får kara seg bort frå skaren og inn i ura. Ho klatrar varsamt ned til korga, sankar saman einekvistane og held fram mot Lauvstad.

Resten av turen går bra, ho leverar korga på Lauvstad, og får som takk ein sauebog. Helena skundar seg heim att til Blålia, der mora ventar spent på å få vite kva Helena har fått med seg frå Lauvstad. Ho legg bogen ned i jordkjellaren, medan Helena går til eldhuset for å vaske seg.

I det Helena kjem ut av eldhuset, ringjer kyrkjeklokkene jula inn. Helena har lånt ein raud kjole av Lina, og



når ho kjem inn i stova sit foreldra og syskena hennar Lina, Peter, Ragnhild og Erik alt til bords i søndagskleda sine. Faren les for maten, og julemiddagen med nybaka brød og ferske, kokte kjø kan byrje. Etter måltidet les faren juleevangeliet, og dei syng nokre julesalmar. Foreldra slappar av, medan ungane leikar i stova. Seint på kvelden går dei til tro, trøytt og mette.

Helena vaknar av at mora ruskar i henne. Milred på Lauvstad saknar lauvkniven som ho lånte til Helena. Helena tumlar trøytt ut av den varme senga og fer i kleda sine. Ute er det gnistrande kaldt. Helena kjem fram til staden korga landa på dagen før, og ho finn kniven mellom to steinar.

I det same ho finn kniven, bryt det ut eit inferno av bråk rundt henne. Ho snur seg og ser med redsel at ein del av Blåfjellet rasar ut og sopar vekk heimen hennar. Landskapet endrar seg, raset vert større, det dundrar gjennom ura Helena står i. Ura rører på seg. Helena skrik til i det ho får venstre foten klemt under ein stor stein.

Trass i at smerta i foten er intens, prøver Helena å reise seg. Men nei, foten sit så fast at ho ikkje kan kome seg bort frå ura. Ho skrik og skrik, men etter ei stund ber ikkje stemma hennar lenger.

Dagen går og natta kjem. Helena vert kaldare og kaldare, hendene hennar er blå av kulde. Ho har feber og stundom døser ho av. Halvt i ørske merkar ho at ho vert lyft opp av sterke armar. Ho tviheld på lauvkniven, og gjev den fyrst frå seg når ho kjem i eit varmt hus.

Helena har stua ein fot og fått ein alvorleg lungebetennelse. Ho får liggje i ei seng i eldhuset på Lauvstad, men fyrst neste jul er ho heilt frisk att.»

Helena var den einaste som overlevde tragedien i Blålia. Ho flytte inn på Lauvstad der ho fekk godt stell medan ho var sjuk, og sidan arbeidde ho nokre år som tjenestejente der.

Takt og tone i det gamle Jølst

Dei hadde eit fast «ritual» kvar til sitt bruk dei gamle. Dei som ikkje fylgde skikk og bruk, kom gjerne i unåde, det vart i minsto omsnakka. Det var det same kva ein hadde føre seg, ein ville helst ikkje bryte med det tilvande. Det var ein vågnad få ville ta.

Det var ein fast skikk å by farande folk til bords å gje dei både mat og drikke. Og det var noke som kom hjartelig vel med i dei dager folk gjekk mil etter mil langs strendene, eller dei rodde på vatnet. Når den reisande vart bedd til bords, var det vanleg å svare: «Å mange takk de, men eg æ kje noke fornøa -». Og var det ein varm sommardag og husmora baud fram ei stor skål med drikke då kom ferdamannen med det faste uttrykket som lydde slik: «Takk! Men eg æ kje tørstlåtige -». Vel komen til bords og husmora skjenka kaffi, so fylte ho koppen til randa og helst let ho det fløyme over, og ned på fatet. Det var ikkje uvanleg at ei raus husmor lurte seg til å skjenke i ein kopp ekstra etter at gjesten høgt og greidt hadde forkynt: «Mange takk eg er vel forsynte!». Ei småjente opplevde dette, og har ikkje gløymt det enno kor fortvila dette var, og no er «småjenta» over 70 år! Men den tid før han Kaffi Lars kom til, var det nok rjomasken som var god å ta til, når framande såg innom. Det var vanleg at gjesten var ryse smålåten, og vart sitjande å grave ned med trammen. Husmora eller husbonden brukte å setje seg ved sida og oppmoda gjesten om å forsyne seg, gong på gong tok ein opp att desse orda: «Du må ta fram på!» Gjestfrie vertfolk heldt det gåande på dette viset so lenge måltidet varde....

Den som såg innom vart alltid traktert med den beste maten huset kunne by på. Og det var vanleg at den som sat til bords rosa maten storveges. Ein framandkar frå Breim som sat i høgsetet og forsynte seg av ekte jølstra raspekake hadde forsømt dette. Husbondsfolket var ikkje van med slikt. Til slutt tok husbonden ordet: «No du, tykkje ikkje du da æ go mate vi har her på gara?» — «Å da æ no so, nokre rå kompara æ da no rå å få hos oss og!» — Dette vart for mykje utan om «ritualet». Husbonden tok maten av bordet med ein gong! Og dermed vart gjestebodet avslutta....

Men det vanlege var ein venskapeleg tone og mykje godt prat. Og når gjesten gjekk frå bordet, gjekk han rundt i stova og tok både små og store folk fast i handa og sa: Tusen takk for maten!

Kom folk frå grannegarden inn i ein heim med folket sat til bords sa dei først den vanlege helsinga og etter på sa dei: **SIGNE MATEN!**

Ein gong hende det at grannen såg innom medan huslyden sat og åt frukost, det leid litt ut i januar. Då lydde helsinga slik: «Gu måren, go jul og godt nytt år, og velbekome spisen!» — — Dei tykte det her i Jølst at dei som slurva med helsinga var lite tess med.... Dei

vann slett ikkje vyrdnad mellom folk.

No til dags brukar ukjent folk å presentere seg, men det var lite brukt i gamal tid. Når framandfolk kom innom so sa dei pent god dag! og snakka litt om veret. Men dei vann ikkje seie so mykje om veret før jølstringane spurde kor dei var i frå - - Det tykte folk utan ifrå at jølstringane var litt for snare med. Men jølstringane tykte at dette var mykje viktig å få klårlagt.

Ei taterkjerring med 2-3 ungar i hælane og mannen slarkande langt bak i køen såg innom på ein stad. Ho bar fram ei vakker helsing og let falle ord om at dette var ein hyggelig stue, og noen friske kjekke barn. Men kona i huset var mykje forviten og spurde kor dei var ifrå: «O! Vi er ifra Molde — rosernes by!» Det tykte jølstrakona var eit godt opphav. Og dei gjekk over til litt småhandel....

Men forvitne som folk var i det innestengde Jølst var, kunne vel slompe til å spørje etter meir ømtålege ting enn kvar folk var ifrå, og kom soleis i «utakt» med god takt og tone.

Ein velstående «ungkar» i ei grannebygd hadde vorte gåande ugift og var no langt opp i åra og var vel slutta å tenkje på slikt for lenge sidan. Men ein god ven av unγκaren visste om eit fagna koneemne her i Jølst og no var han tend av «gneisten» på ny, endå so gamal han var. Og so skulle han Jonas stå brudgom. I brura sin heim var det pynta til fest. Og folket samla seg brudlaupsafta som skikken var. Folket åt og drakk, prata og hygde seg. To tre av jentene i grenda hadde funne seg so god ein plass å slå seg ned, der var so god oversikt. Desse jentene var det ein kallar i «satt alder». No sat dei og vurderte brudgommen: «Jammen hadde han brukt opp mykje av manndomenes dage!» Ei av jentene påstod at brudgomen var like gamal som svigerfaren. Den tredje visste ikkje om han hadde runda sytti - - Men dette måtte la seg gjere å få oppklåra, her var eit godt høve - - Ho nugga bort i broren til brudgomen og spurde frimodigt: «Du! Kor gamal er han Jonas? — Det kan eg ikkje seie for visst, men han har alle tennene!

Dei forvitne jentene måtte av svaret dei fekk «forstå» at her var grensa for god takt og tone overskriden - -

Folket som vaks opp her i bygda fekk tidleg vete kva som var god takt og tone. Det høyrde med til oppsedinga, men ein kjøkemeistar måtte likevel vete meir. Når folket vart sette til bords, måtte dei ha plass etter alder og værdigheit. Gjorde kjøkemeisteren ein feil der, kunne det skape eit sår som verkte lenge.


Men so var det ogso dei som ikkje ville sitje so høgt ved bordet som dei var rettkomne til. Då måtte kjøkemeisteren bruke «rå makt». Folket venta det av kjøkemeisteren at dei fekk den plassen ved bordet dei skulle ha.

Ein kunne ikkje seie DU til alle folk som ein gjer no til dags. Folk ein hadde stor vyrndnad for og dei som var komne so langt at dei var besteforeldre sa ein DE til. Borna sa alltid DE til besteforeldra.

Og so var det vel ei uskriven lov at folk på grasrotplanet sa DE til presten og andre embetsfolk. Men før mål-rørsla hadde kome til, sa ein «I» eller «Jer» til slike folk. Og i samtale med dei tykte jølstringane at dei måtte «danske» litt. Jølstramålet var godt nok til fjøsbruk, men var for simpelt til finare bruk. Det var ikkje alltid våre forefedre var like heldige med slikt språkbruk. Men det får vi gå stille forbi.


Men husbonden med odelsjord var ogso som ei «overklasse» langt ut gjennom 1800 talet. Og omgangstonen måtte vere der efter. Og so får vi avslutte med ein stubbe om husbonden og drengen: «Husbonden og drengen skulle flytte nokre tunge stokkar. Dei tyngste stokkane lyfte dei saman. So hadde dei att ein stokk. Husbonden kom og ville hjelpe drengen. — Nei, sa drengen, den klarar eg sjøl! — Var det sjøl du sa? — Det er EG som er sjøl — du er ingenting! Her fekk drengen ei påminning om at det han hadde sagt til husbonden, var ikkje god takt og tone. Det var nøgje med slikt i det gamle Jølst!

Anders P. Sægrov



L.S

FAMILIEKRYSSORD



Send løysinga til Jølster Mållag, Boks 62, 6850 SKEI innan 10. januar.

Bokpremiar.

VASSRETT

1. Julemoro
10. To like
11. Ingen ting
13. Julekake
14. Vill
15. Leitt
17. Kjæledyr
18. Pers. pronomen
19. Igjen
20. God
21. Stad i Jølster
24. To like
25. Gutenamn
26. Brukar snikkaren
29. Nummer
30. Riste
31. Uthus
32. Jentenamn
33. Herme
34. Tidsrom
37. Rolf Andersen

38. Uttala
39. På skulen
41. Artikkel
42. Lage ost
44. Få i seg mat
46. Brensel
48. Gutenamn
49. Kjend kunstnar
50. Tre
51. Lakkar og -

LODDRETT

1. Nabokommune til Jølster
2. Stad i Jølster
3. Hyggeleg helsing
4. Varmt plagg
5. Pers. pronomen
6. Ut
7. Klokke
8. Sjødyr

9. Gutenamn
11. Vil ungane ha besøk av
12. Moro
16. Middag
22. Dessert
23. Kake
27. Grønsak
28. Ur
32. Jentenamn
34. Grunn
35. Styre
36. Fin
40. Studer!
43. Jentenamn
45. Eva Rygg
46. Husdyr
47. Ole Pedersen

Målreisings saga i Sogn og Fjordane

Det finst enno ein del eksemplar av Målreisings saga å få kjøpt. Denne boka på mest 700 sider er skriven av Anders A. Lothe og kom ut i 1950-51. Ho inneheld svært mykje søge og kultursøge frå dei fleste bygdene i fylket vårt.


Eg vonar at kvart mållag vil kjøpe eitt eller fleire eksemplar og gjere boka kjend blant medlemmene. Det er no komne til nye ættleider som knapt veit om at denne forvitnelege og eineståande målreisings saga er til.

Få spreidd saga vår, og lat ho tene oss til kveik i det vidare arbeidet for norsk mål!

Kr. 150 for innbudne og kr. 100 for uinnbudne. Porto kjem til.

Oppgjer til kasserar Eli Eide, 6860 SANDANE.
Firda mållag har postgirokonton 5 80 35 80
og bankkonto 3703.20.15779

Med helsing
Joar Stegane



SONG TIL STARDALEN

So trong ein port vår Herre gjorde
inn til våre kjære vakre dal
og fjella dei vart bratt' og store -
Botnen flat om enn litt smal.

Men når du først kjem inn om porten
det møter deg eit herleg syn:
Ei grend so fin du knapt ser sorten
med kvite bre mot himmelbryn.

Hus og tun ligg spreidd på begge sider
i botnen glir storelva grøn.
Skog og gras i mark og bratte lier -
på toppar blenkjer kvite snøn.

Frå fjella kjem det små og store elvar
som fossar gjennom trange jel.
Breen glør i sol i seine kveldar -
eit syn som kvar stardøling gjere sel.

Ei takk til dei som rudde dalen -
eit slit du knapt kan tenkje deg.
Ja, mang ei hand var både sår og valen
før ho til kvelds fekk kvile seg.

MØKALUKT

Det luktar ute, det luktar inne,
ja kvar ein kjem so er lufta stinne
av møk som sprøytast i brune strålar,
i breide teigar alt brunt ho målar.

Nyvaska klæde på snor og gjerde
lyd takast at, i maskina bere.
Og vaskast på nytt i pulver so sterkt
då først møkalukta borte vert.


I kott og krokur ho inn seg trengjer
det luktar møk jamvel i senga,
og når ein vaknar til ny ein dag
so angar lufta av same slag.

UNGKAR

På romet er han åleine i senga,
og slepp å hete på kalde bein.
Han slepp å svare når heim han slenja:
Kor ha du vore som er so sein.

Men drøymer gjer han om ei han elska,
ein gong han sykla og ho fekk skyss.
Og hjarto banka då godnatt dei helsa
og stunda slutta med eit varsamt kyss.

Men so vart det berre den eine gongen.
Ho finn ein annan og gifte seg.
No går han einsleg, men ber på trongen
og ha ei å dele saknet med.



LINDA B.

AMBASSADØREN FRÅ JØLSTER

«Jølst har i år bedt ein av våre utflytte jølstringar som har heile verda som sitt arbeidsfelt, Ambassadør Martin Huslid, om å skrive ein artikkel om sitt liv og arbeid i norsk utanriksteneste, noko han med ein gong sa ja til. Det har vel knapt vore andre jølstringar som har valt diplomatiet som yrke, men Martin Huslid har visst at dette er fullt mogelig. Han har gjort ei framifrå karriere i norsk utanriksteneste og er no leiari for ein av dei største og viktigaste utanriksstasjonane Noreg har, den faste delegasjonen ved dei internasjonale organisasjonane i Genève.

Det ville ta ei heil side å nemne alle dei oppgåver og tillitsverv Martin Huslid har hatt i sin karriere og «han Martin» er heller ikkje særleg lysten på det han kallar «sjølv-reklame».

Vi nemner likevel at Martin Huslid har m.a. vore sjef for planleggingsavdelinga i utanriksdepartementet og ambassadør for nord/sør-spørsmål, som har oppteke han mykje. Han var med på forhandlingane med EF både om medlemskap og handelsavtale og har vore leiari for mange norske delegasjonar til internasjonale konferansar. Mange er dei internasjonale organisasjonane og konferansane som Martin Huslid har vore formann i, med vidt forskjellige område som nedrustning, utvikling, sysselsetting m.v.

Martin Huslid vart ifjor utnemnd til Kommandør av St. Olavs Orden for embetsforteneste.

«Jølst» er glad for å kunne gje lesarane sine ein artikkel frå «Jølster-ambassadøren» som trass i alle reiser og oppgåver har halde nær kontakt med heimbygda som han knapt utan unnantak har vitja kvart einaste år.

Eg er bedd om å skrive ein artikkel til årets julenummer for «Jølst» der tanken var at eg skulle fortelje litt om mitt liv og arbeid i utanrikstenesta, for tida som ambassadør i Genève. Det gjer eg gjerne, men så står det att å sjå om dette vil vere til interesse for «Jølst» sine lesarar!

Det høyrer med til arbeidet i utanrikstenesta der eg tok til i 1957, at ein må flytte på seg med visse mellomrom. Arbeidsstaden kan anten vere departementet i Oslo — Utanriksdepartementet — eller ein av dei ca. 80 utanriksstasjonane vi har rundt om i verda. Eg har og flytta ikkje så få gonger sidan 1957. Flyttemønsteret mitt har likevel vore litt spesielt samanlikna med dei fleste andre kollegaer idet eg hittil berre har tenestegjort i Europa, i Genève og Brussel forutan i Oslo. Dei mange møte og konferansar eg har teke del i har likevel gitt meg høve til å oppleve nokså mange andre land rundt om i verda.



Yvonne, Audun og eg i samband med vitjing av Kongen i Genève for nokre år sidan (han deltok i VM i segling). Som du ser har Yvonne Jølsterbunad på seg!

Kanskje burde eg forklare litt om bakgrunnen for den litt spesielle karrieren min for den seier litt om karakteren på den utanrikstenesta vi har i dag. Det har falle i min lodd, og vore best i samsvar med mine interesser, å arbeide i det «multilaterale diplomatiet» i motsetning til det «bilaterale». Dette krev litt nærare forklaring.

Frå gamalt av var ambassadøren utsendingen, utsendingen frå fyrsten i eitt land til fyrsten i eit anna. Han var bindelekk mellom styresmaktene i heimlandet og eit anna land som han var akkreditert til som det heiter. I dei fleste tilfelle er det det fleirtalet av ambassadørane er i dag og, men i den seinare tid har likevel denne situasjonen endra seg ein del. Vi har fått nye former for ambassadørar, eller rettare sagt ambassadørar med andre arbeidsoppgåver enn dei som er vanlege for den «bilaterale» utsendingen. Med eit stikkord kan vi kanskje kalle dei «nye» ambassadørane for forhandlingsambassadørar, ettersom ordet forhandling seier ein god del om desse ambassadørane sine arbeidsoppgåver.

Den utanriksstasjonen som forhandlingsambassadøren er sjef for, vert vanlegvis ikkje kalla ambassade, men fast delegasjon (på engelsk «permanent delegation» eller «permanent mission») sjølv om stasjonen er ein diplomatisk stasjon på linje med dei andre, dvs. ambassadane og generalkonsulatane (dei sistnemnde som vi særleg har i ein del større hamnebyar, og som tek seg av praktiske spørsmål, ikkje minst med sjøfolk, kan eg ikkje koma nærare inn på her).

Når det gjeld min eigen situasjon er eg ikkje akkreditert til styresmaktene i Sveits og har ikkje noko med norsk-sveitsiske tilhøve å gjere. Den norske ambassadøren til Sveits har sin ambassade i hovudstaden Bern. Då eg overtok leiinga av «Noregs faste Delegasjon i Genève» ved slutten av 1981 overleverte eg ikkje akkredite-

ringsbrevet mitt til sveitsiske styresmakter, men til generaldirektøren for FN sitt Europakontor som held til i Genève. Mitt arbeidsfelt er altså ikkje Sveits, men alle dei internasjonale mellomstatlege organisasjonane som Noreg er medlem av og som har sitt sete i Genève.

Utan å nemne alle (godt eit dusin i talet) kan dei fylgjande som nokre av dei viktigaste nemnast.

- FNs Europakontor for Den Økonomiske Komisjon for Europa (ECE)
- Den Internasjonale Arbeidsorganisasjon (ILO)
- Verdens Meteorolog-organisasjon (WMO)
- Den internasjonale Telekommunikasjonsunion (ITU)
- Verdens Helseorganisasjon (WHO)
- FNs Konferanse for Handel og Utvikling (UNCTAD)
- Høgkommisæren for flyktningar (HCR)
- Generalavtalen for Tolltariffar og Handel (GATT)
- Det Europeiske Frihandelsforbund (EFTA)
- Den Europeiske organisasjon for atomforskning (CERN)
- Nedrustningskonferansen (CD) - her er Noreg ikkje fullt medlem men «aktiv observatør».



Her har du meg saman med utanriksministeren av idag, Thorvald Stoltenberg. (Møte i vår i nedrustningskonferansen — CD — i Genève.

Det kan nemnast at det i Genève også er over 100 såkalla frivillige eller «ikkje-statlege» organisasjonar som t.d. Kirkenes Verdensråd, Det Lutherske Verdensforbund, Den Internasjonale Raudekrossen m.fl. Det er imidlertid dei mellomstatlege organisasjonane som Delegasjonen i første rekkje har å arbeide med.

Alt i alt har vi i norsk utanriksteneste seks faste delegasjonar med ein «forhandlingsambassadør» som leiar. Det er dei fylgjande:

- Noregs faste delegasjon til EF, Brussel
- Noregs faste delegasjon til Europarådet, Strasbourg
- Noregs faste delegasjon til FN, New York
- Noregs faste delegasjon i Genève
- Noregs faste delegasjon til NATO, Brussel
- Noregs faste delegasjon til OECD, Paris



Her har du meg på eitt av mine mange møter. Dette var på EFTA sitt ministermøte 1983 som vart halde i Noreg (Bergen). Ved sida av ser du dåverande handelsminister Skauge og generalsekretæren i EFTA, Per Kleppe.

Arbeidet ved dei nemnde delegasjonane har nokså forskjellig karakter alt etter karakteren av den (dei) organisasjon(ar) som dei er akkrediterte til. For dei fleste (eigentleg alle utanom Genève) er dei akkrediterte til og knytter kontakten med ein organisasjon. Denne organisasjonen femner i alle dei tilfelle som er nemnde om eit svært vidt felt.

Hovudoppgåva for alle dei faste delegasjonane, og spesielt leiarane av desse, — dei faste representantane som dei og vert kalla — er å vere bindelekkjen mellom Noreg og leiinga i vedkomande internasjonale organisasjon og å representere norske interesser i desse organisasjonane.

Korleis artar så dette seg i praksis? La meg først seie at på den faste delegasjonen i Genève er vi 16 personar alt i alt og av desse er 8 såkalla fagtenestemenn (forutan ambassadøren ein nestkommanderande med tittel av minster, 2 ambassaderådar og 4 ambassadesekretærar). For meg sjølv og dei andre fagtenestemennene utgjer arbeidet ikkje minst å delta på Noregs vegne i ei lang rekkje møte og konferansar som vert haldne innanfor dei organisasjonane som er nemnde ovanfor. Dels gjer vi dette åleine og dels gjer vi det i samarbeid med utsende delegatar heimanfrå. Ikkje alt dreiar seg likevel om møte og konferansar. Også utanom desse må den faste representanten — og delegasjonen i det heile — halde nær kontakt med organisasjonane, med leiinga for sekretariata i desse, formidle korrespondanse mellom organisasjonane og norske styresmakter m.v. Ja, eg må seie at alle dei organisasjonane vi har i Genève gjer at vi har «nok å hengje fingrane i», og sjølv om arbeidet blir delt opp på medarbeidarane ved delegasjonen, så skal ambassadøren ha eit oversyn over heile feltet. Dei mange organisasjonane i Genève har på den andre sida den føremøn at emnet skifter heile tida, så arbeidet vert ikkje rutine og ein får ikkje tid til å kjede seg. Tidsmessig kan arbeidsdagen bli lang, iblant med kvelds- og nattmøte ut i dei små timar. Arbeidsmiljølov bør ein helst ikkje tenkje på. Yngste som vår, Audun, insisterte for nokre år sidan (han var 9 år då) under ein konferanse med mange kveldsmøte å sende

eit brev til «presidenten» der han protosterte mot at pappa vart halden borte så lenge og så ofte!

Det er vel ei vanleg oppfatning at det «selskapelege» utgjer ein viktig del av ein diplomat sitt liv. Oppfatninga er nok for diplomatiet av idag noko overdriven, men framleis er det slik at forhandlingsdiplomati fører med seg ein god del selskapeleg omgang, det være seg arbeidslunsjar, mottakingar og middagar om kvelden. Selskapslivet er ofte med på å gjere ein lang arbeidsdag endå lenger og det kan vere eit ork etter ein dag med lange møte å gje seg ut i ein par mottakingar og ein etterfylgjande middag. Truleg burde det selskapelege kunne forenklast og reduserast endå meir, men det ser ikkje ut til å vere lett å få det til.

Kva eigenskapar krevst det så av forhandlingsambasadoren? Det kan nok vere så mange og krava kan vel variere med stillingen, men f.eks. på ein stad som Genève er det nok viktig at ein er fleksibel og snøgt kan sette seg inn i ei ny sak. At ein kan lese snøgt og greier å plukke ut det vesentlege av eit dokument utan å lese meir enn høgst 10% av det. Det er viktig at ein kan omgåast menneskje og det er vesentleg at ein har tillit. Ikkje noko er så feil som å tru (som enkelte synes å gjere) at forhandlingar har noko med «smartness» og lureri å gjere. Ein kan gjerne iblant vere taktisk, men det er vitalt at ein har sin kredibilitet intakt. Det er heller ikkje slik at den gode forhandlingsdiplomat bør vere så taleferdig som muleg. Å vere veltalande skadar nok ikkje iblant, men det er og sanning i ordet om at «ein god diplomat er ein person som tenkjer seg om to gonger før han ikkje seier noko».

Språket er sjølvsagt for forhandlingsdiplomaten eit viktig verktoy og det er absolutt ein fordel om ein kan forstå og uttrykkje seg på 2-3 av dei alment brukte internasjonale språk — i alle fall kan eitt av desse svært godt. På globale konferansar innan FN er det til vanleg 6 språk som er offisielle og som det er simultan omsetjing frå og til (engelsk, fransk, spansk, russisk, arabisk, og kinesisk). Sjølv om dei treina simultan-omsetjarane ofte er utruleg gode, er det absolutt ein føremon å kunne høyre på ein talar på det språket vedkommande sjølv nyttar. Det skal godt gjerast å få alle nyansane rett fram i ei omsetjing.

Sjølv om språket og språkkunnskapane er viktige, er det sjølvsagt innhaldet i det ein seier som er det viktigaste. Det hjelper lite om ein kan uttrykkje «snakkets alminnelige del» på mange språk om ein ikkje har noko konkret innhald å bere fram. Har ein så mykje orden på tankane sine at ein kan halde innlegg eller talar utan manuskript er det eit stort pluss. Men det kreve mykje arbeid på førehand.

Så spør de kanskje: Kjem det så noko praktisk ut av alle møta og konferansane eller vert det berre prat og tomme ord? Ja, det er eit fullt rettmessig spørsmål og det er ikkje så lett å svare eintydig på det. Det er rett nok at det

internasjonale samarbeidet er tungrodd og ofte stivbeint og ein saknar ofte praktiske og konkrete resultat. Men det er sjølvsagt ikkje lett å drive forhandlingar og å oppnå resultat av desse i eit verdssamfunn som i dag tel ca. 160 statar, oppdelte i både geografiske og politiske interessegrupper. (Frå «Firda» ser eg elles at det ikkje alltid er så lett å bli samde i Jølster kommunestyre heller, for ikkje å snakke om fylkestinget i Sogn og Fjordane....).

Men, men, når ein iblant med rette klagar over manglande framgang og få resultat frå det internasjonale samarbeidet, så bør ein og ha i mente kva alternativet er: ingen kontakt i det heile med dei faremoment som det inneber. Og alt i alt: gjennom åra har ein likevel langsamt og steg for steg greidd å byggje opp eit skjelett av eit regelverk for svært mange område i det mellomfolkelege samkvem. Dette regelverket er til nytte for alle, ikkje minst for dei små nasjonane.

Og som namnet på dei tidlegare nemnde organisasjonane i Genève vitnar om så arbeider dei med svært så konkrete og vitale spørsmål så som handel, økonomi, flyktningar, helse, arbeidstilhøve, meteorologi m.v. Mange av dei gjer og eit stort arbeid til beste for utviklingslanda innanfor sitt område.

Noreg er ein liten nasjon med eit vidtfemnande samkvem med omverda. Vi tek og aktivt del i det internasjonale samarbeidet. Det er vel i pakt med våre beste tradisjonar som eg vonar og trur vil halde fram. Kanskje kan eg slutte med nokre strofer frå Aasmund Olavsson Vinje sitt dikt om «Nordmannen» der han på ein meisterleg måte kombinerer det internasjonale med det nasjonale i få ord slik:

Dei største tankar vi alltid få
hjá verdsens det store vet.
Men desse tankar dei brytast må
lik strålen i soli vi alltid sjå
i kvar si bylgje få kvar sin let.

Dette gjeld og i dag!

.....

Ja, eg har i denne vesle artikkelen prøvd å teikne eit bilete av mitt arbeid som utanrikstenestemann i Noreg si teneste, eit arbeid eg er glad i og trivst med. Det kan nok vere at dette livet og arbeidet iblant kan verke noko rastlaust og «uryddig». Men det er då godt å ha gode røter og eit godt utgangspunkt. Det har eg, fyrst og fremst frå heim og samfunn i Jølster. Det er eg takksam for og eg ynskjer alle Jølstringane og folket elles «der vest» ei god jul og eit godt og framgangsrikt år 1989!

Lensmenn i Jølster 1590-1988

Av Einar Veiteberg

I gamle skrifter er lensmennene ofte nemnde «bonde-lensmann». Det vil seie: Det var vanlege bønder som av futen — seinare amtmannen — vart tilsette som lensmenn. Dei var tenarane til fut og skivar, skulle syte for å registrere dødsbu, drive inn skatt, og elles gå embetsverket til hande der det vart kravd. Løna var skattefritak, og sportlar frå forretningane dei stod føre. Lensmennene måtte kunne lese og skrive, men elles skilde dei seg knapt så mykje frå dei andre bøndene i bygda på 15-1600-talet.

Av dei 22 lensmennene i Jølst frå 1590 til 1988 er det minst 14 som er «bondelensmenn», fødte og oppvaksne i bygda. Dei fleste av desse var av Crispinus-slekta. (Crispinus Johannessen, prest i Jølster 1565-1572). Tre av dei var gardbrukarar i Sandnesa, og endå ein voks opp der, men kom seinare til Bjørset. To var gardbrukarar på Nedrebø, og ein voks opp der, men gifte seg med lensmannsenkja på Bjørset.

Dette kan tyde på at dei freista å halde lensmanns-ombodet i ætta, men det er berre ein gong at ombodet går direkte frå far til son.

Men lat oss ta lensmannsrekkja som jølstringane ved Statsarkivet i Bergen har gjeve meg (I lista står kvar lensmann oppført berre med dei funksjonsåra ein finn han i dei skriftlege kjeldene. Mange av lensmennene på 1600-talet var nok lensmenn både før og etter perioden vi fører dei opp med):

1. Nils Ytre Årdal (d. 1611). Lensmann 1590-1591. Var gift med Anne (som levde i 1615). Tre søner. Dei åtte jord i Ytre Årdal og i Mo i Førde.

2. Peder Olsen Indre Sandal. Lensmann 1598.

3. Tollef Crispinussen Sandnes (ca. 1567-1636). Lensmann 1607. Gift med Synneve.

4. Lars Rognaldsen Strand. Lensmann 1608-1612. Kom i strid med presten Jacob Hansen etter ei sak mellom presten og Anders Nedrebø, der lensmannen var med og sa dom — som gjekk presten imot.

5. Anders Crispinussen Nedrebø (ca. 1569-1643). Lensmann 1615-1632. Bror til lensmann Tollef Crispinussen Sandnes. Gift med Johanne.

6. Zacharias Arnesen Huus (d. 1663). Lensmann 1636-1638.

7. Knud Bendiksen Bjørset (d. 1665). Lensmann 1639--1644. Gift med Åse Andersdtr.

8. Chrispinus Tollefsen Sandnes (1612-1677) Lensmann 1645-1677. Han var lensmannsson og gifte seg med lensmannsdottera Magdalene Zachariasdtr. Huus.

9. Jens Nilssen Nedrebø (1627-1704). Lensmann 1677-1704. Soneson til Anders C. Nedrebø. Gift med Brite Larsdtr. Løset. Dagboka hans — «Lensmannsboka» — som dei fann på eit presteloft i Bamle i Telemark i 1940-åra, gjev gode og litande opplysningar om folk i bygda sist på 1600-talet.

10. Hans Chrispinussen Sandnes (1645-1731). Lensmann 1705-1730. Son til lensmannen Chrispinus H. Sandnes og svigerson til Jens Nedrebø. Gift 1. m. Gunhild Knudsdr. Myklebust (d. 1678). Gift 2. m. Johanne Jensdtr. Nedrebø.

11. Tollef Hanssen Sandnes (1692-1780). Lensmann 1731-1780. Son til lensmann Hans Chrispinussen Sandnes. Gift 1. m. Brite Marie Ovesdtr. Bugge (Bjørset). Gift 2. m. Else Osmundsdr. frå Bergen. Tollef budde først i Årdalsbakken, seinare på Bjørset. Han var lensmann for gardane under Svanøy i 1717.

12. Jens Eriksen Nedrebø (1748-1794). Lensmann 1781-1794. Sonedotters son til lensmannen Jens N. Nedrebø, som han og hadde namnet sitt etter. Gift med lensmannsenkja Else Osmundsdr.

13. Ole Ellingsen Veiteberg (1756-1823). Lensmann 1794-1821. Dotterson til lensmann Tollef Hanssen Sandnes. Busett på Bjørset, Hegrenes og Nedrebø. Gift med Lussi Hansdtr. Søgnesand. Ved søknad dagsett 1. september 1821 bad Ole Ellingsen om å bli «entlediget» frå stillingen frå nyttår 1822. Vart funnen død på «Lensmannsflata» i Nerbedalen i mars 1823.

I tidsrommet 1590 til 1821 er det jølstringar — gardbrukarar — som er lensmenn i Jølst. Så kom det ein 90-års periode med endring på dette.

14. Truls Anderssen Bruland (1794-1831). Lensmann 1821-1831. Truls var lensmannsson frå Førde, og søkte lensmannsstilling i Jølster 29. september 1821. Futen har — 6. oktober 1821 — skreve på søknaden: «Ved herved at tilstille Amtet en Ansøgning fra Truls Bruland

om at blive beskikket til Lehnsmænd for Jølster Skibrede i Lehnsmænd Ole Ellingsens Sted, der skal have ansøgt om at erholde sin afsked, undlader jeg ikke ærbødigst at meddele følgende min Erklæring: Foruden at de i Ansøgningen anførte Grunde medfører Sandhed, er Supplicaten meg beskændt som et ordentlig Menneske, og jeg er overbevist om, at der i Jølster skibrede ei gives en eneste Bondemand der er så duelig og bequem til at være Lensmand som Supplicanten. At dette også er Sorenskriver Landmarks Mening, derom er jeg overbevist, da han for mig har ytret samme Formening. Jeg innstiller derfor ærbødigst Supplicanten til at blive ansat som Lehnsmænd for Jølster Skibrede, med Tilladelse at boe i Førde Skibrede hvor han med Familie er etableret». Truls Bru-land vart tilsett som lensmann i Jølster 14.12.1821.

15.

Hans Brun Landmark (1802-1854). Lensmann 1831-1854. Busett på Eikås. Gift med Barbra Andrea Berg.

16.

Ole Paulsen. Lensmann 1855-1860.

17.

Jens Landmark (1835-1906). Lensmann 1861-1869. Son til lensmann Hans B. Landmark, busett på Eikås. Gift med Andrea Fredrika Eleonora Dorthea Fasting. I 1869 vart Jens Landmark lensmann i Luster.

18.

Andreas Lind (1841-1921). Lensmann 1870-1911.

19.

Søren Mosesson Øvrebø (1861-1942). Lensmann 1912-1937.

20.

Nils Olson Øvrebø (1886-1967). Lensmann 1937-1956.

21.

Erik Valaker (1914-1983). Lensmann 1956-1983.

22.

Knut B. Skurtveit (1950-). Lensmann 1983-

Svanøy-lensmenn

Svanøygodset hadde egne lensmenn, skrivarar og futar frå 1685 av. Då fekk godseigaren «birkerett», rett til å handheve rettsstellet på gardane som låg til godset.

Sjur Knutson Fuglestrand, nemnd som lensmann 1697-1701.

Tollef Hansson Sandnes, nemnd som lensmann 1717.

Mykje kunne skrivast om desse lensmennene og arbeidet deira i Jølst. Men rommet i eit hefte er avgrensa, så her får vi ta med berre eit par heilt særmerkte ting.

Tollef Chrispinussen Sandnes slutta som lensmann i 1607 — 40 år gamal — ein mann i sin beste alder. Han levde til 1636. Kvifor slutta han?

I Bergens Domkapitels Forhandlingsprotokoll er det referert ei sak i 1609 mot presten Henrik Graff. Han hadde vore prest i Hafslo, men vart avsett på grunn av drukkenskap. Likevel vart han vald til prest av kyrkjelyden i Jølst. Det gjekk han ikkje likare i Jølst enn i Hafslo. Og jølstringane hadde meir enn drukkenskap å klage han for: Uvyrde snakk både i lag og på stol. Under saka mot han i Domkapitlet i Bergen rettar han kritikk mot Tollef Chrispinussen Sandnes og skuldar han for kjetteri, det vil seie: Tollef er katolikk. Fleire jølstringar — dei er i Bergen for å vitne mot presten — sannar at dei har høyrte rykte om dette. Og spørsmålet melder seg: Er det dette som er grunnen til at Tollef sluttar som lensmann i 1607? Har han vorte avsett som kjettar?

Det er rimeleg at katolske skikkar, lære og tru heldt seg lenge i Jølst — som andre stader i landet. Måten reformasjonen vart gjennomført på skulle på ingen måte gjere det lett for den Lutherske lære å vinne gjennom.

Den neste lensmannen vi lyt stogge ved er Tollef Hanssen Sandnes/Bjørset (1691-1780) — eller rettare: den andre kona hans. Tollef Hansen — sone-sons-son til Tollef Chrispinussen — var lensmann i Jølst i 63 år. I første ekteskapet hans — med Brite Marie Ovesdatter — er det to døtre: Barbro som vart gift til Søgnesand og Maren som vart gift til Veiteberg (Muren). I andre ekteskapet til Tollef vart det fødd ein son, men han vaks ikkje opp. Men denne kona hans — Else Osmundsdatter — må ha vore eit menneske utom det vanlege. Ho var ikkje jølstring. Truleg kom ho frå Bergen, dotter av ein båtsmann. (Jekteskippar frå Hardanger kanskje?) Meir er det ingen som veit. Lensmann S.M. Ørevø skreiv: «Ho skulle ha gått Stavenesstranda ei julenatt». Er det rett, må ho ha vore med ein båt som har forlist der.

→



I 1749 vart Else gift med lensmann Tollef Hanssen Bjørset — enskjemann — som då var 57 år gamal. I 1769 må han ha vorte temmeleg skrøpeleg, for då får Else tinglese løyve frå amtmannen å «vedblive lensmandsskabet» etter Tollef er død. Else er fungerande lensmann og har truleg vore det i fleire år. I 1776 får ho — etter ein søknad — ein attest frå amtmannen der han mellom anna skriv: «Der fattes ei Exempler, at betydelige Embeder ere dels ved Expectanse-Breve, dels ved virkelig Bestallinger, allerunderdangst forundte til duelig fruentimmer. ---- og endogmin egen Erfarenhet, her gang jeg har været her på Jølster, har overbevist mig om, at få Mandspersoner skall bedre kunne foreståe et Lehnmannsembede end Ansøgerinden det nu i Mange År har gjort.

Hende gjøres derfor herved ej allene denne skriftlige Anmodning at hun fremdeles vill, så lenge hendes gl. og svage Mand lever, vedblive at forståe hans Embed, men hende forsikres endog herved, at, så snart hand ved døden afgåer, skall hende på bemte Embede fuldkommen Bestalling meddeles.»

Men Else vågar visst ikkje å lite på lovnaden frå amtmannen. Tollef dør i 1780, og Else gifte seg att i 1781

med den 30 år yngre Jens Eriksen Nedrebø som hadde vore «lensmannskarl» sidan 1769. Jens vart tilsett som lensmann, men det var utan tvil Else som heldt fram i ombodet som ho hadde røkta så godt i mange år. Først i 1794 — då Jens døydde — gav Else opp som lensmann i Jølst, og sonen til stykdotter hennar — Ole Ellingsen Veiteberg — vert konstituert i ombodet. Då måtte ho ha vore fungerande lensmann i 30 år.

Else var dugande på andre område au. I 1777 fekk ho påskjøning (sølvstaup) frå Det Nyttige Selskab i Bergen for stor nydyrking og for at ho tok til med potetdyrking i Jølst.

Alle jølstringane var nok ikkje like glade for å ha ein lensmann i skjørt. Else fekk høyre mykje spott då ho kom i barselseng i 1763, etter 14 års barnlaust ekteskap. Bygdefolket kunne ikkje få seg til å tru at ektemannen (71 år og sjukleg) var far til barnet. Men dei som for med slarv vart stemde for retten, og dei måtte be om orsaking. Ein annan gong vart ho i nedsetjande meining kalla «båtsmannsdotter frå Bergen». Men ein treng visst ikkje vere redd for at ho hadde vanskar med å ta til motmæle!



PÅ TUR TIL FÆRØYANE MED SKEI SKULEMUSIKK



Torshavn, utsyn over noko av hamna.

Den 26. juli bar det i vesterveg med Skei skulemusikk. Som avslutning på ein ny sesong skulle musikantane lønast med ein tur til Færøyane. Det starta med buss frå Skei til Bergen, ein av dei store fine turbussane til Firda Billag. Mange forventningsfulle musikantar og foreldre la i veg, tilsaman eit følgje på 53 personar. I Bergen gjekk vi ombord i båten M/S «Norøna». Jølstringane var litt spente på korleis overfarten ville bli, ettersom dei ikkje hadde noko erfaring med sjøen. Det hadde vore storm i Nordsjøen dagen før, så sjøen gjekk høg. Det var mange som vart sjøsjuke på grunn av den urolege sjøen, og for dei vart overfarten ein stri tørn. Det vart rikeleg med mat til krabbane. Tilhøva på båten var også dårlege, det gjorde ikkje situasjonen betre. Turen frå Bergen til Torshavn tok eitt døger.

Då jølstringane sette fot på land på Færøyane hadde dei framleis sjøgangen i beina, så det kjendest ut som om landet gynga. Det gjekk heldigvis over etter ei stund. Så gjekk turen vidare til Vestmanna, der skulle reisefølgje bu på ein skule. På Færøyane innreier dei nokre skular til ungdomsherberge om sommaren. Det var sett opp lettveggar i gymnastikksalen med fire senger i kvar bås. Elles er det det å seie at Færingane

satsar mykje på skulen sin. Den hadde høg kvalitet, var velhalden, og hadde mykje fint utstyr.

Ein fekk servert frukost på skulen, og det vart til at ein smurde seg nistepakke i tillegg. For det var midt i Olsokfeiringa til færingane, så det var vanskeleg å få kjøpe seg mat ute.

Olsokfeiringa tek dei alvorleg på Færøyane. Det er ei feiring som går over mange dagar, frå torsdag til søndag. Denne feiringa foregår i Torshavn. Då kjem folk frå alle dei atten øyane hit for å delta.

Tordagen er den store regattadagen. Kapproinga i hamna der var den store hovudatraksjonen under feiringa. Rolaga stiller med blankpolerte båtar og ror det dei er god for. Dei ror ein distanse på 1000m, og oftast er det berre cm som skil dei beste i mål. Dette gjer det utruleg spennande for tilskuarane. Det er gutelag og jenteleg, fleire aldersgrupper og båttypar, så det blir mange klassar som konkurrere. Med store, tunge båtar og ein distanse på ein km røyner det på kreftene, og roarane tek seg heilt ut.

På Færøyane bur det ca 40 000 menneske. dei fleste

→



Reisefølgje er nett kome i land, ustøe på føtene p.g.a. sjøgang over havet.

av desse hadde funne vegen til Torshavn denne torsdagaen, så det var svært folksamt i hamneområdet. Det blei eit eventyrleg og mektig møte med folket her vest første dagen.

Færøyane har svært strenge alkohol-lover. Det er ikkje råd å kjøpe vin og brennevin på øya, men ein kan tinge desse varene frå Danmark. Det såg ut til at folk hadde nytta høve til å tinge kvoten sin i førevegen, det såg ikkje ut til å vere mangel på drikkevarer under feiringa.

Fredagen blei det kjempefint ver. Det var ideelt til ein tur for å sjå seg om. Vi planla ein tur rundt om på to av dei største øyane, Streymoy og Eysteroy. Øyane her vest er bygde opp av vulkanske bergartar. Det er heller mykje fjell på øyane. Dei har ofte ei høgd mellom 600 og 800 meter. Djupe fjordar og dalar skjer seg inn mellom fjella. I fjordbotnen var det ofte eit større flatare lende, her hadde folk busett seg. Her er det gode, trygge hamner for båtane. Fiske er som kjent den viktigaste næringsvegen hervest.

Hovudvegen er brei og god, men når vi kjem ut om den, er vegen smal og svingete, ikkje noko betre enn gamlevegen i Kjøsnesfjorden. Her var det ikkje greitt å komme med ein av dei store turbussane til Firda Billag. Det var berre så vidt vi kom oss fram. Nokre av passasjerane nekta å sitje i bussen på dei verste stadene, men sjåfør Oddmund Årdalsbakke manøvrerte hårfint gjennom svingane og over smale bruer.

I ei bakkehelling blei det rastepause og nistepakken kom fram. Etter matykta la nokre av dei sprekaste vegen opp på ein fjelltopp. Oppe frå dette fjellet, Middagsfjellet, kan ein i godt ver sjå alle dei atten øyane som til saman utgjer Færøyane. Det var grønt heilt til topps, og frå toppen var det ei herleg utsikt over fjordar som skar seg inn mellom øyar, og der fjellet mange stader gjekk bratt rett i sjøen. På desse fjella gjekk det mykje sauer og beitte. Dei seier det er ca. 480.000 sauer på Færøyane, den viktigaste næringa etter fisket.

Turen gjekk så heilt nord på øya, til ein stad som heiter Gjogv, ein utpost mot Vesterhavet. Her blei det ein stopp på vegen og det blei ein god prat med ein færing-

familie som var i full gang med slåttonna. Mannen slo med motorslåmaskinen sin, medan kona hesja. Når hesa var ferdig, la dei ei not over ho så ikkje graset skulle blåse bort i den sterke vinden som kjem inn frå havet. Elles brukte dei ikkje å ta ned hesa, ho stod ute heile året. I dei bratte fjella her på kysten er det eit rikt fugleliv.

Laurdagen nytta vi til handledag i Torshavn. Men vi fann fort ut at varene var mykje dei same som ein finn i forretningane i Noreg, berre endå dyrare. Denne dagen hadde vi og konsert i sentrum i Torshavn. Det var forresten berre så vidt vi fekk lov til å spele. Dei ville tydelegvis ikkje ha noko innblanding i festopplegget sitt.

Søndagen nytta vi høve til å vitje historisk grunn. Då reiste vi til Kirkjubøur. Lenge før Torshavn hadde teke form av nokon by, var Kirkjubøur midtpunktet på Færøyane. Det var sentrum på øya i mange hundre år. Det er fleire grunnar til at dei første innflyttarane slo seg ned her. Staden er sydvendt så sola tek godt, her var og lett tilgang til vatn. Her dreiv det i land mykje rekved. Dette hadde stor verdi på desse øyane der det aldri har vakse skog. Også rektang dreiv i land. Dette var viktig som gjødsel i den magre jorda om dei skulle dyrke korn.

Dei første landnåmsmennene kom frå Irland. Her er merke etter gammal irsk busetnad, mellom anna irske



Litt av den store folkehopen i hamna under roregattaen,



Båtane rodde ein distanse på 1000 meter. Innsatsen var på topp.



Utflukt på øya.

munkar. Desse blei truleg jaga på sjøen av norske vikingar som kom og slo seg ned her på 800-talet.

På denne tid såg det annleis ut enn no gjer. Den vesle holmen der ute, Kirkjubøholmur, var då landfast med Streymoy, og truleg rakk landet eit godt stykke lenger ut. Bygda var såleis mykje større enn no, og i glansperioden skal det ha stått 50 hus her. 200 kyr og 5000 sauer høyrde då til garden. Ein gong på 1400- eller 1500-talet kom det så ein veldig storm og skylde vekk ein stor del av garden. Ute på holmen kan ein enno sjå ruinar etter den gamle busetnaden. Her til denne garden kom det på 1100-talet ei kvinne som heitte Gunnhild. Ho fødte ein son som fekk namnet Sverre, seinare blei han konge i Noreg. Han fekk gå i skule hjå biskopen som budde på denne garden, og blei rekna som den mest kunnige av alle kongar i Europa. Det seier ikkje så lite om kvaliteten på dette gamle færøyske kultursenteret.



Claus og Kjell ser utover nokre av dei 18 øyane.

Husa på Kirkjubøur er svært gamle. Røykstova på garden er 900 år gammal. Olavskyrkja er innvigd i år 1111, dessutan står ruinane etter Magnus katedralen som er endå eldre. Denne katedralen vart aldri bygd ferdig. Røykstova er i dag den eldste tømmerstova i Europa som er i bruk. Segna seier at ho er frå Sogn i Noreg, og at stökkane kom drivande hit, samanbundne og nummererte, så det var lett å setje henne opp. Det skulle ha vore ein norsk høvding som hadde teke

med stova, og så har han truleg forlist i ein straum nær Kirkjubøur, og stova dreiv i land her. Det var i alle høve umåteleg interessant å vitje denne staden, særleg dei eldre i følgje sette pris på denne turen. Følgje var og inn om Nordens hus. Eit heilt spesielt hus som vert nytta til konferansar og til kunstutstillingar. Vi var inne og såg på kunstutstillinga der.

Måndag gjekk så turen heim att til Noreg. Denne turen var berre heilt kjempefin. Stålande sol og spegelblank sjø. Vi landkrabbane kunne ikkje ønskje det betre. Det var berre uråd å bli sjøsjuk i slikt ver. Vi fann fram fluktstolar og sette oss på dekk for å nyte den friske sjølufta. Ein svært minnerik tur.



Ein del av reisefølgje er samla i Torshavn.



Vi nyt heimturen på dekk i strålande ver.

SUNNAVIND

Sunnavind du milde velbehag
alle likar dine linne drag.
Du tøyar snø, so det vert vår,
du turkar molda før vi sår.
Du er svalande i heite dagar,
mognande for frukt i hagen.
Varmande når sola fell
bakom dei høge bratte fjell.


Sunnavind du milde velbehag
alle likar dine linne drag.
Du spreier frø frå blom og strå
du krusar vatn so fisk bit på.
Du jagar sky i himmelrømd
då er det endringar i kjømd.
Då hender det at snøen fell
opp i dei høge bratte fjell.

TIDARSKIFTE

Arbeidsfolk i bøtte bukse
mange no kan ikkje hugse
Men no kjøper dei bukse med bøter på
og helst skal bota stå litt på skrå.

Skrikande fargar er mest aparte,
er buksa raud er gjerne bota svarte.
Om ei erm på trøya er mørke blå.
Kan gjerne hi vere lyse grå.

Eg hugsar før då var det glede
når helga kom, og vi fekk ubøtte klæde.
Fekk leggje vekk buksa med bot på kneet
og trøya med lapp på albogeledet.



Svartemyra

Svartemyra var ein kjær plass — både for dyr og menneske i min barndom. Var det noko som gjorde denne plassen spesiell på nokon måte? Ja, det var det. Området låg der så lunt og avskjerma. Høge fjell mot syd. Myra. Brei, flat og litt farleg der ho var på sitt blautaste. Berg og hamrar mot nord som skjerma ho frå husa og vegen i sentrum. Frå knausane i vest hadde vi ei herleg utsikt ned gjennom bygda. Jølstravatnet midt i dalføret. Gardane og fjella som låg rundt og heldt vatnet på plass.

Hit til denne myra søkte kyrne når dei hadde beita frå seg for dagen og tok seg ein pause på bakken. Her låg dei fredelege, hjortande og nytte dagens føde og venta på at matmor, ho Sofia, skulle komme og mjølke.

Hit søkte og vi gutane i området. Det var kjæraste leikeplassen vår. Her var vi frie til å gjere som vi ville, ingen vaksne blanda seg bort i kva vi gjorde. Ja, nær på då. Det hende nok at næraste bonden hadde eit auge med oss. Han mislikte at vi grov for mykje i området. Og litt graving blei det no, når vi skulle lage oss idrettsplass på området.

Grunntilhøva var så høveleg varierte her. Berg, sand, aure og mjuk myr. Dette utnytta vi til å lage oss idrettsplass. I sanden og auren kunne vi lage oss fine,


rette tilløp til lengde- og høgdehopp. Medan myra, etter å ha blitt graven opp, var mjuk og god å lande i. Sagflis var det ikkje så lett å få tak i rundt her. Her var ikkje noko sagbruk. Kastering planerte vi ut og. På berga som omkrinsa myra hadde vi fint variert terreng med gode stigar til terrengløype. Vi hadde kort og lang løype. Til fotball var der for ujamt, så til det måtte vi finne oss anna område.


Her på Svartemyra samla vi gutane oss. Øvde oss i dei ulike disiplinær og hadde idrettsstemne. Mang ein hard duell vart utkjempa oss mellom her i dette området. Heldig for oss og miljøet var det nok at vi var nokså jamne og vann kvar sin gong. Dette gjorde at det var spenning i kvar einaste tevling.

Etter oss om kveldane kom vaksnekarane, med si Krag Jørgenrifle over skuldra. Dei nytta området til skytebane. her var både 100m bane og 300m bane. Det gav gjenklang mellom fjella når dei dreiv på. Vi gutane tykte det var spennande og farlege saker dette med gevær. Dei nytta seg av heimeladda ammunisjon frå Lundakjellaren. Hadde vi vore flinke og hjelpt til med laddinga, hende det vi fekk prøve nokre skot og.

Ja, slik var myra nytta i min barndom. Vonar byggefeltet set like stor pris på området som vi gutane gjorde.

J.G.





Reproduksjon av Nikolai Astrup sine måleri

	m/råme	u/råme
Vårkveld i Jølster	690,-	250,—360,-
Varmen kjem i jorda	490,-	150,—240,-
Sandsstrand	210,-	
Jonsokbål, lite form.	210,-	
Fugl på stein	525,-	150,—250,-
Kvennagong	210,-	
Blomstrande epletre	675,-	250,—340,-
Seljehallen	450,-	150,—210,-
Interiør m/krukke	400,-	140,—200,-

AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei - Tlf. 28 125

Såvarer Kraftfor Kunstgjødsel Landbruksmaskiner Verkstad



VALMET

TA KONTAKT MED
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Felleskjøpet Vestlandet

Bergen Skei i Jølster Etne
Tlf. 05/325500 Tlf. 057/28202 Tlf. 047/66544
5800 SOGNDAL — TELEFON (058) 71 905



Rør og rørartiklar
Sanitæranlegg og utstyr
Varmeanlegg med ved, flis og olje
Pumpe anlegg
Kjøkken innreiing
Baderom og møblar

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
6850 SKEI I JØLSTER



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377
Avd. 002 - Stardalen - telefon 28 929
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644



OPNINGSTIDER:
Kvørdag: 07.30-22.00
Lørd.: 08.30-20.00
Sønd.: 09.30-22.00

VENT MEIR AV OSS

SKEI SERVICENTER

v/Ola Fugle
6850 Skei i Jølster. Tlf.: 28 234

Alle typar
fliser - fasadestein - omner
stein og fugemasse



Jostein Viken

AUT. MURMESTERFORRETNING

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 194

Tenkjer de kvalitetsvarer
gå til
KONFEKSJONSBUKTIKEN
SKEI HANDEL

6850 SKEI I JØLSTER
TLF. 057-28 374

ALF HELGHEIM & CO

6850 SKEI I JØLSTER
TLF. 057-28 311

UT — OPTIK — GULL — SØLV — MUSIKK
FOTO — VIDEO — LEIKAR

OPE FRÅ KL. 10.00 - 20.00

JØLSTRAHOLMEN



6840 VASSENDEN — TLF. (057) 27 135



**EIT
HYGGELEG
SENTER
FOR
HEILE FAMILIEN!**

*Velkomen
Eli og Egil*

LÅGE PRISAR

**DAGLEGVARER
VEGKRO
NOROL BENSIN
GATEKJØKKEN**

SKEI LAKKERING

6850 SKEI I JØLSTER — 057 - 28 369

**LAKKERINGSARBEID VERT UTFØRT FAG- OG KVALITETSMESSIG
TIL RIMELEGE PRISAR**

*Dekor- og Motivlakkering — Reparasjon av mindre skader
Sal av motorolje, rekvisita m.m.*

Firma Gunnar Hylderås

Assortert Landhandel
Medisinutsal/Tipping/Lotto

SANDDAL — TLF. 27 656

FØRDE SAMYRKELAG

Avd. Vassenden

DIN EIGEN NÆRBUKIKK

KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6850 SKEI TLF. 28122


A/S **LEFI** BAKST
TLF. (057) 27 252
6840 VASSENDEN



Alle typar
elektroinn-
stallasjonar og
servicearbeid

Kvalitetsvarer på bestilling!
Kontakt oss om:

Inst. Sverre Årdalsbakke
Skei - Tlf. 28 135



OTTO DALE VVS

6840 VASSENDEN

TLF.: 27 197

MOBIL TLF.: 094 - 71 249

VELKOMEN TIL GOD HANDEL

NÆRBUKIKKEN — ÅLHUS
telefon 27 888

OPNINGSTIDER:

måndag/tirsdag: 09.00-17.00
onsdag/torsdag/fredag: 09.00-20.00
laurdag: 09.00-13.00

Vi er så «liten» at vi kan yte
personleg service — fleksibilitet.
Vi har eit miljø som du
ofte saknar i dei store sentra!

**Varesending kvar
TORS DAG**

NO KAN DU KJØPE

TRELAST

PÅ JØLSTER!

- * Innvendig panel
- * Golvbord
- * Utvendig kledning
- * Plank
- * Boks
- * Lekter
- * Listverk

Kvar dag
kl. 07.00-15.30

I DI EIGA BYGD:

JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN | JØLSTER — TELEFON (057) 27 415

Skatten din!

Med SMS reduserer du skatten din
- samstundes som du sparer

Alle under 34 år sparer dobbelt
og får 30% av sparesummen i
direkte frådreg på skatten

STIKK INNOM
ELLER

*har du råd
til å la vere?*


SPAREBANKEN
Sogn og Fjordane

Det svingar

PÅ SØRSIDA



KR. MYKLEBUST
MYKLEBOST — TLF. 27 673



Omtrekking av
møblar? Kontakt

Jølster
LENESTOL

TLF. 27 612

FRÅ FØRSTE STREK.....TIL FERDIG TRYKK!

eKO
EKO-Trykk A.s

6800 FØRDE
TLF. 057-22 884 / 23 711
TELEFAX: 057-20 656

JØLSTER MÅLLAG

ønskjer deg velkomen som medlem i laget.
Vi treng fleire som aktivt støttar oss i kampen for nynorsken.
Støtt opp om ei god sak.

Adressa vår er: JØLSTER MÅLLAG v/Olav Veiteberg
6853 ÅRDAL I JØLSTER
POSTGIRO 3 06 13 63

